



## Saksframlegg

### Høyringsuttale til endringar i TEK17 §§ 7-2 og 7-4

Saknr. Utval	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

#### Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.01.2023	horingsnotat---endringer-i-tek17--7-2-og-7-4147736	1403488
11.01.2023	horingsbrev---endringer-i-byggteknisk-forskrift	1403489
11.01.2023	343047_1_A	1403490

#### Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune stiller seg positiv for endringar i byggsaksforskriften TEK17 §§ 7-2 og 7-4 og syner tilstort behov i kommunalplanlegging for forenkling av prosess knytt til utbygging i fareområder for flaum- og flodbølge forårsaka av fjellskred.

#### Fjord kommune har følgjande innspel til endringar i TEK17 §§ 7-2 og 7-4:

- Det bør opnast opp for ein forenkla prosedyre i sannsynsintervalla for flodbølge 1/100- 1/1000 og 1/1000- 1/5000. Det vil vere mogleg å vurdere heilskapsbiletet av tiltaket i det konkrete området og gjeve byggeløyve basert på konkret vurdering av tryggleik mot skader forårsaka av naturfare i området utan å måtte få avklart det gjennom overordna plan (§7-4 punkt e).
- Dersom vilkåra i § 7-4 a,b,c,d oppfylt bør heilskapen av utbygginga kunne avklarast gjennom ein enklare prosess som til dømes gjennom reguleringsendring eller reguleringsplan. Ofte vil nye behov kunne oppstå i eit planområde, og det er gjerne ikkje hensiktsmessig å rullere den overordna planen for å få på plass endringar som gjeld eit mindre areal. Kravet om overordna plan for all utbygging medfører i praksis at utviklinga i sentrumsområda blir lite dynamiske, og er ein alvorleg restriksjon for vidare samfunnsutvikling.
- Ein ser også for seg forenkla prosedyre for gjeve byggeløyve gjennom dispensasjonstilhøve der regionale og statlege myndigheiter skal ha høve til å uttale seg.
- Elles vil Fjord kommune syne til tidlegare innspel frå Stranda, Stordal og Norddal kommunar til endringane i TEK17 §7-4, der dei aktuelle standspunkta er omtalt.

## Sakgrunnlag:

Innleiing

Direktoratet for byggekvalitet (DiBK) på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sender ut på høyring forslaget om endringar i byggtেকnisk forskrift (TEK17). Dei foreslåtte endringene gjeld §§7-2 Sikkerhet mot flom og 7-4 Sikkerhet mot skred. Unntak for flodbølge som skyldes fjellskred. Arbeidet har eit mål om å gå gjennom krav i TEK17 §7-4 knytt til tryggleik mot naturfarane og forenkle prosessar knytt til utbygging i desse områda.


Fjord kommune er ein av dei kommunane som er råka av flodbølgeproblematikken og vil takke for høve til å uttale seg i samband med saka.

## Saksopplysningar:


Fjord kommune har store delar av landskapet består av naturvernområdet (ca 49% av kommunens areal), fire naturreservat, deler av Reinheimen nasjonalpark, Geirangerverdsarvsområdet (ca 16,5 %) og samtidig prega av ulike typar naturfarar som snøskred-, jordskred-, steinsprang- og flaumfare, samt flodbølge som er forårsaka av fjellskred (Åkneset i Stranda kommune og Hegguraksla i Fjord kommune).

Areal som er råka av flodbølge utgjer ca 60 km<sup>2</sup> eller 4,9 % og ligg i sentrumsområde av desse bygdene: Storda, Valldal, Tafjord, Eidsdal og Norddal. Folketal som er registrert i Fjord kommune i 3. kvartal 2022 er 2481 innbyggjarar og har ein fallande tendens.


I Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader i Møre og Romsdal 2023-2026 vart det lagt vekt å sentralisering av kommunale tenester og tilbod samt konsentrert utbygging i sentrumsnære områder. Det føreset langsiktig og effektiv arealplanlegging i slike områder. Det å kunne disponere arealet som ligg i oppskyllingssona for flodbølge på ein trygg og forsvarleg måte opnar opp for nye moglegheita for å utvikle sentrumsområde og unngå i stor grad utvinning i stor grad av nye areala. Det er naudsynt å illustrere i kor stor grad dei lokale samfunna er prega av restriksjonar for arealbruk knytt til flodbølge forårsaka av mogleg fjellskred. Områder som er merka med blått er oppskyllingssona, og områder merka med rosa er evakueringssona.




Stordal



Valldal



Eidsdal og Norddal



#### Tafjord

Fjord kommune understrekar viktighet i å bevare lokale samfunn gjennom samfunnsutvikling og tryk og berekraftig arealplanlegging i sentrumsområde som ligg i faresone for flodbølge. Hovudmål i kommuneplanen sin samfunnsdel gjev retningslinjer for samfunnsutvikling:

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen
3. Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsette tenester.

Desse punktene stetter føremålet med høyringsforslaget til byggteknisk forskrift TEK17 som er «å tilrettelegge for å opprettholde verdiskaping, utvikling og levedyktige lokalsamfunn i fareområder, samtidig som personsikkerheten er ivaretatt.»

Ein er einig i behovet for utbygging i område utsett for flaum og flodbølgje forårsaka av fjellskred, som er samfunnsøkonomisk lønnsamt og hensiktsmessig der ein ikkje har tilsvarande alternativ i områder utanfor skred- og flaumfaresone. For små distriktskommunar kan det vere avgjerande å ikkje måtte flytte tenester og infrastruktur frå områder råka av naturfare. Samfunnsmessig gevinst er vurdert til å bli høgare dersom prosessar knytt til utbygging i slike området blir forenkla gjennom endring av tryggleikskrava i TEK 17 §§7-2 og 7-4 og moglegheit til å vurdere konkrete tiltak utifrå lokale forhold og omstenda.

#### Saksvurdering og konklusjon:

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) sine forslag til endringar i TEK17 §§ 7-2 og 7-4:

1. Forslaget til det fyrste endring lyder som «et nytt andre ledd i TEK17 § 7-4 som åpner for en forenklet prosedyre for å kunne tillate utbygging der sannsynligheten for fjellskred eller flodbølge som følge av fjellskred er 1/5000 eller mindre per år».

Fjord kommune ser positivt på eventuelle forenkla prosessar knytt til utbygging i flodbølge utsette områder.

På den andre sida står det ikkje tydeleg kva forenkla prosedyre inneber og kva type tiltak som fall under denne endringa. Ein bør spesifisere kva tryggleikskrav som gjeld framleis ved denne endringa. Ein bør også sjå nærmare på kva restriksjonar knytt til endringar i eigedomsforhold og frådelling av grunn i desse områda.

2. Det andre forslaget er retta mot «..å utvide unntaksbestemmelsen i TEK17 § 7-4 til også å omfatte primærvirkninger av fjellskred. Det vil si områder som rammes direkte av skred, og ikke bare indirekte gjennom flodbølge som følger skredet.»

Det vil vere aktuelt å avklare kva endringane gjeld og korleis desse stetter tryggleikskrava til utbygging i slike områder når sanntidsovervaking av bevegelege fjellparti vart gjennomført.

3. Det siste forslaget gjeld «..storulykkevirksomheter, det vil si virksomheter som håndterer farlige kjemikalier, ikke skal være underlagt totalforbud mot plassering i flomutsatte områder etter TEK17 § 7-2 første ledd.» Forslaget om unntaket frå totalt forbod frå plassering av storulykkesverksemda i desse områda bør ha ein breiare avklaring.

Fjord kommune sine forslag til endringane i TEK17 §§ 7-2 og 7-4:

- Det bør opnast opp for ein forenkla prosedyre i sannsynsintervalla for flodbølge 1/100- 1/1000 og 1/1000- 1/5000. Det vil vere mogleg å vurdere heilskapsbiletet av tiltaket i det konkrete området og gjeve byggeløyve basert på konkret vurdering av tryggleik mot skader forårsaka av naturfare i området utan å måtte få avklart det gjennom overordna plan (§7-4 punkt e).
- Dersom vilkåra i § 7-4 a,b,c,d oppfylt bør heilskapen av utbygginga kunne avklarast gjennom ein enklare prosess som til dømes gjennom reguleringsendring eller reguleringsplan. Ofte vil nye behov kunne oppstå i eit planområde, og det er gjerne ikkje hensiktsmessig å rullere den overordna planen for å få på plass endringar som gjeld eit mindre areal. Kravet om overordna plan for all utbygging medfører i praksis at utviklinga i sentrumsområda blir lite dynamiske, og er ein alvorleg restriksjon for vidare samfunnsutvikling.
- Ein ser også for seg forenkla prosedyre for gjeve byggeløyve gjennom dispensasjonstilhøve der regionale og statlege myndigheiter skal ha høve til å uttale seg.
- Elles vil Fjord kommune syne til tidlegare innspel frå Stranda, Stordal og Norddal kommunar til endringane i TEK17 §7-4, der dei aktuelle standspunkta er omtalt.

Karl André Birkhol  
kommunedirektør